

## REFERAT FRÅ STYREMØTE I SUNNFJORD KAJAKKLUBB 06.06.2005

---

### Sak 1. Tippemidlar

Rune orienterte om at klubben har fått tildelt tilskot til naustet gjennom tippemidlane. Vi har fått det vi har søkt om, kr.147.000,-. Avslutning av rekneskapen vil vise kva det eksakt blir.

### Sak 2. Padletinget 2005

Bjørn orienterte om tinget. For å få til kontinuitet og for å vere litt førebudd på det som skjer på eit ting, meiner han at ein av dei som reiser på neste ting, bør ha vore der før.

### Sak 3. Spørjeundersøkinga

Rune orienterte. Vi fekk ca 40 svar og av dei var bortimot 10 delvis ufullstendige. Likevel ga dei 30 svara ein peikepinn om kva medlemmane ynskjer. Rune kjem tilbake med ein oversikt over dei ulike tema som var berørt.

### Sak 4. Tur til Kalvåg

Sissel orienterte om landsstemnet til Forbundet kysten som skal vere i Kalvåg 27. - 31. juli. Vi er spurde om vi kan ha eit padleopplegg for barn og ungdom i samanheng med ei ungdomssamling som skal arrangerast som ein del av landsstemnet.

Vi var samde om at det kan vi, men vi avgrensar oss til laurdagen (30.juli).

Bjørn kjem dit med eigen båt. Sissel ynskjer og å vere med. Sissel melder ifrå om at vi blir med.

Vi inviterer medlemmane om å bli med på ein padletur i området på søndagen.

Sissel nemnde og at vi er bedne om å vere på Kystens dag i Florø 4. september. Vi var einige om å stille med båtar og folk. Sissel gir tilbakemelding om det.

### Sak 5. Elveguide mm

Geir Inge Kirkeli har meldt frå til oss om at han kan tenke seg å lage til ein guide for aktuelle elvar i området. Vi var samde om å støtte opplegget, kanskje og med litt pengar, men elles er det truleg støtte å få frå Frifo-midlar og kanskje og frå FYK.

Elles så har Rune hatt samtalar med Frode Hallandvik som no er tilsett i FYK-stillinga. Han kan tenke seg å gå i bresjen for å etablere eit elvemiljø i Sunnfjord og då særleg med tanke på å gi eit tilbod til ungdom. Det kan og bli aktuelt å etablere ein base med elvekajakkar for å ha utstyr til kurs.

### Sak 6. Torsdagspadlinga

Vis sette opp ei liste med kontaktpersonar frå klubben slik at det alltid er nokon der frå klubben.

### Sak 7. Trekke tlf. -premie

Mellom dei som hadde levert svar på spørjeundersøkinga, vart det trekt ut ein vinnar av ein mobiltelefon. Denne var gitt av Mobil-Data.

Vinnar av telefonen vart Anh Loan Thi Le.

### Sak 8. Eventuelt

#### 1) Heimesida

Det blir førebels ikkje noko av å lage ei eiga heimesida, så enn så lenge blir vi å kjøpe h-side av n3sport.

#### 2) Padlesymposiet i Bulandet

Det vart fortalt om erfaringane derifrå. 10-12 frå klubben var der. Klubben sine folk var tenkt brukt som guidar på tur, men denne vart avlyst grunna dårleg ver.

Vi var einige om at det bør etablerast kontakt føre neste års symposium for å gjere avtale om prisar og om korleis vi eventuelt skal vere med i staben.

#### 3) Klubbturnar

Det blir ikkje klubbturnar no i vår. Vi satsar på ein klubbturnar siste helga i august. Det var ynskje om å få til ein tur der ein kan vere med anten ein ynskjer to eller ei overnattingar eller å vere med berre på dagtid.

Florø-området er aktuelt.